



H Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1328 - 16/20492

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
27.07.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon II - gbnr 185/23

Vi ber om tilbakemelding frå ansvarleg søkjar på vårt brev av 13.05.2016.

Tiltakshavar har i brev av 03.06.2016 opplyst at ein ikkje har oversikt over valg av trasè før gravearbeid starter, og at det sannsynligvis ikkje vil vere naudsynt med borehol. Vidare får vi oppgitt at utnyttelsesgrad på tomta vil vere ca 12%.

Kommunen kan ikkje godkjenne omsøkte arbeider utan at vi får inn ein oppdatert situasjonsplan som viser plassering av rør/borehol. Dette treng vi blant anna for å ta stilling til om ein vil krysse annan manns eigedom for å kome fram til tilknytningpunkt på gbnr 185/274, (t.d. gbnr 185/335 som er eigd av Isdalstø Eiendom AS).

Innsendt erklæring frå gbnr 185/335 gjeld berre plassering av plasthall i «en avstand på 1,0 m. fra vår felles grense». Erklæringa gjeld ikkje plassering av røyrledning over gbnr 185/335. Vi gjer også oppmerksom at denne erklæringa er signert av privatpersonen Ove Raymond Foss som påstått eigar av gnr. 185 bnr. 335. Ove Raymond Foss er ikkje eigar av eigedomen, men har signaturrett i selskapet som eig eigedomen. Føretaket Isdalstø Eiendom AS har ikkje avgitt erklæring. Dette må rettast opp.

Opgitt utnyttingsgrad frå tiltakshavar kan ikkje vere riktig dersom ein tek utgangspunkt i dei tal som er oppgitt i søknaden under avsnittet «Grad av utnytting». Vi ber ansvarleg søkjar oppgir grad av utnytting.

Det vert sett frist til den 01.09.2016 til å sende inn etterspurt dokumentasjon. Kommunen ber om at opplysningane/dokumentasjonen vert sendt inn samla innan 01.09.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Det vil då måtte sendast inn ny komplett byggesøknad.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Lindåsvegen 153 AS v/Nordhordland Lindåsvegen 153 5916
Elektro AS

ISDALSTØ

Mottakrar:

H Sandvik AS Galteråsen 4 5916

ISDALSTØ